



AREALPLANAVIDELING - REFERANSEPROSJEKTER



PROSJEKTBEKRIVELSE

Løypeplan på Skafsåheia i Tokke kommune, 2009

Tilrettelegging av løyper på Skafsåheia

- Oppdrag: Løypeplan
- Status: Vedtatt
- Oppdragsgiver: Tokke kommune

Skafsåheia er Tokke kommune sitt hovudsatsingsområde for utvikling av reiseliv/hytteutbygging. Områda frå Hallbjønnsekken og sørover til Kuskard, Grensesteinen, Trettetjønn, har i lang tid vore viktige utfartsområde for turistar, både sommar og vinter.

Nye krav til kvalitet på skiløypene krev stadig meir tilrettelegging. Løypelaget i området ynskjer at ein del av løypenettet nærast Hallbjønnsekken, skal kunne preparerast etter fyrste snøfall, med løypemaskin. Til dette krevst rydding/ planering/ overflatehandtering av traseane. Parallelt med ynsket om betre tilrettelegging av skiløyper i området, har grunneigarane, som i mange år har tillete løyper på sine eigedomar i nærområdet til Hallbjønnsekken, hatt ynskje om å kunne kome fram til støypane sine med motoriserte køyretøy sommarstid.

Målet med dette arbeidet var å kome fram til ei omforeint løysing, der ein kan få til gode løysingar både for friluftinteressene, men også for grunneigarane som vert råka av tilrettelegginga. Både til Kuskardstøylen og Asbjørnsroi ligg det i dag oppkøynde skiløyper, og ein har sett på fleire moglegheiter for å få kombinert løyper og moglege trasear for ATV. Sistnemnde inneber i neste omgang eit vedtak om dispensasjon i medhald av motorferdsellova.

Løypekart:

